



Salhus 29.10.2020

## Istandsetting naust på Lygra

### Bakgrunn

Musea skal vere dei fremste formidlarane av bygningshistorie. Materialval og handverksteknikkar skal her, om ikkje andre stader, vere i tråd med tradisjonen til det respektive bygget, og regionen det står i. Det er likevel langt mellom dei bygningane som lever opp til dette i musea. Særleg når det gjeld tak, eller taktekking, har det vore utfordrande å bruke tradisjonelle teknikkar. Dette handlar dels om manglande kunnskap og dels om økonomi, og ofte må ein inngå kompromiss. Dei torvtaka vi ser i dei fleste museum i dag er tak tekte med plastmembran, knotteplast, og torv.

I Museumssenteret i Hordaland har vi fleire bygningar med tilstandsgrad 3 (TG3); dvs kraftige eller alvorlege symptom, som t.d taklekkasje. Eit av desse bygga stå på Lygra, eller nærare bestemt i Utlurvågen på gnr 57/ bnr 1 og er eigd av Lyngheisenteret. Dette naustet er 9 x 7,3 m, har veggjar i tørrmur, sperretak og knotteplast og torv på taket. Det ligg ei svill/ramme på muren som sperrene kviler i. Det ligg seks betar på tvers som held ramme og takkonstruksjon på plass.

I 1997 vart naustet vølt i regi av Hordaland Fylkeskommune. Alt anna enn murane vart fjerna og det vart laga ny svill/ramme, nye betar og sperr, ny taktro og opplengjer og kledning vart skifta både i nord og sørgavlen. Det vart teke vare på gamle bygningsdelar som vart nytta som mal for istandsettinga. Kledninga vart festa med trenaglar. Dette skal vere andre gong naustet er vølt i nyare tid. Begge gongar har det blitt lagt torvtak med plastmembran.

Oppå taktroa, som var lagt med om lag 1-toms opning mellom, vart det lagt never og oppå der knotteplast og torv.

## **Tilstand**

Med tida har torva sige og knotteplasten har blitt eksponert for lys, krakelert og det har blitt lekkasje fleire stader i taket, noko som har ført til omfattande råteskade. Taktro, sperr, ramme og betar er råteskadde. I tillegg er kledning og opplengje i sørgavl roteskadd. Det same gjeld syllstokk ved dør samt dører.

## **Tiltak**

Som nemnt innleiingsvis er ikkje desse plast og torvtaka ei optimal løysing, men det har fungert som ei god nok løysing kring på musea då det ikkje har vore økonomi eller kunnskap nok til å legge tradisjonelle never og torvtak. I Utlurvågen der nauset til gnr 57/bnr 1 står er det svært fuktig og det er eit krevande miljø for trebygningar. No har det vore nytta torvtakto gongar i nyare tid og det har vist seg å ikkje fungere. Vi har vurdert om det ville la seg gjere å legge tradisjonelt never og torvtak, men har kome fram til at det vil vere altfor ressurskrevjande på dette bygget. Med bakgrunn i dette har vi sett på eit anna alternativ; nemleg å legge teglpannetak. Nabonauset har teglpanner og står heilt fint den dag i deg. Dette vart sett i stand samtidig med vårt naust. Det er og rimeleg å tru at vårt naust har hatt teglpanner, sjølv om vi ikkje kan dokumentere dette.

Vi har difor kome fram til at vi vil legge teglpanner på taket når vi no skal sette det i stand.

Når vi legg teglpanner vil vi få eit tak som har tradisjon i dette naustmiljøet, det vil ikkje gje seg ut for noko anna enn det det er og ein vil få eit tak som er tett, men samstundes «pustande». Dette vil og gje eit tak som er enklare å halde ved like enn taket som er der i dag.

Alt trearbeid skal utførast av innleigd tømrrar med røynsle frå istandsetting med tradisjonelle handverkteknikkar. Anna arbeid skal utførast av museet sine eigne folk. Det er ei målsetting at delar av dette istandsettingsarbeidet skal kunne gje kunnskapsoverføring; at prosjektet skal kunne nyttast som læringsarena for tradisjonshandverk.

Nauset er i dag i bruk av grunneigar, men vil etter istandsettinga og bli brukt av idrettslaget Kvernbit i Alver kommune. Dei skal ha ein av sine nybygde oselvarar liggande der.